

Jesus, den rette og gode kongen

Matteus 1,1–2,23

Jesu titlar

Kven er denne Jesus? Det var eit av dei fyrste teologiske problema den kristne kyrkja streva med. Noko fullt svar får vi ikkje her, men vi møter fleire titlar på Jesus som seier noko om han.

- 1,1 Jesus er Kristus, eller Messias, salva til å vere konge, prest og profet. Han er den lenge lova, som skal oppfylle jødane sine håp.
- 1,1 Han er Abrahams son, og Abrahams lovnadar om velsigning for alle folkeslag skal oppfyllast i han.
- 1,1 Han er Davids son, og derved av rett linje til å vere konge.
- 1,21 Jesus tyder 'Jahveh frelser'. Han er den nye Josva. Moses førte ikkje folket inn i det lova land, men det gjorde Josva. Moselova har ikkje frelst folket frå syndene deira, men det gjer Jesus.
- 1,23 Han er Immanuel, 'Gud med oss'. Dette rammar inn evangeliet, som sluttar med «Sjå eg er med dykk alle dagar». Case-Winters ser dette som den viktigste tittelen.
- 2,6 «Ein hyrding for mitt folk Israel». 'Hyrding' er brukt i GT for kong David, og også for Gud sjølv.

Ættetavle

Den går ikkje tilbake til Adam, slik Lukas har det. For Lukas tilhøyrrer Jesus alle menneske, for Matteus er Jesus jøde fyrst.

Pen og pedagogisk oppdeling med 14 ætteledd mellom merkesteinane: Abraham, David, bortføringa til Babylon, Jesus.

$14 = 2 \times 7$ Talet 7 var eit symbol på det fullkomne. Der er 6×7 ætteledd før Jesus, og Jesus vert då den fyrste i den sjuande gruppa av sju. Han er starten på det fullkomne.

Kvinner i ættetavla

Fem kvinner har fått plass i ættetavla. Vanlegvis inneheldt slike ættetavler berre menn. Til å komme frå ein patriarkalsk kultur, er dette spesielt, og er med og framhevar kvinner.

Forutan Maria, er det 4 nokså spesielle kvinner:

- 1,3 Tamar kledde seg ut som prostituert og lurte svigerfaren sin til å ha sex med henne (1 Mos 38).
- 1,5 Rahab, ei prostituert dame, hjalp Josva sine spionar (Josva 2 og 6)
- 1,5 Rut viste hengivnad for si svigermor Noomi, og viste seg initiativrik og pågåande (til og med frekk?) i å verte gift med Boas.
- 1,6 Batseba (ikkje namngjeva) vart (vald?-)-teken av kong David, fekk ektemannen drepen av kong David, og vart istaden hans kone. Hennar son vart den neste kongen, kong Salomo.

Kva foreinar dei? Dei 4 er ikkje-jødar, var det eit poeng for Matteus? Tamar er kanaanitt, Rahab frå Jeriko, Rut moabitt, Batseba hetitt.

Alle kan sjåast som seksuelt skandalause, også Maria fordi ho får barn utanfor ekteskap.

Alle var også underpriviligerte, men vann over hindringar.

Josef den rettferdige

Medan Lukas har Maria i sentrum i starten, har Matteus Josef i sentrum, og viser han som eit eksempel på ein gudeleg person. Han er her den som høyrer frå Gud og gjer det Gud seier.

Han vert kalla «ein rettvis mann» eller «rettferdig mann» (1,19), og det på grunn av si haldning når han får vite at Maria er gravid. Han måtte tenkje at ho hadde hatt sex med nokon andre. Dette kunne vere grunnlag for å offentleg erklære at ho hadde vore utru. Somme lurar på om ho kunne verte steina for dette, men mest sannsynleg ikkje. Men det ville føre til sosial skam.

Josef hadde antakeleg eit val mellom to skilsmisse-prosedyrer: Skilsmisse på grunn av utruskap, eller skilsmisse av uspesifisert grunn. Sjølv om dei ikkje

formelt var gifte, var forlovelsen mellom dei rekna som så bindande at den berre kunne opphevast ved ei skilsmisse-prosedyre, som om dei var gifte. Han sto i ei spenning mellom å fylgje reglane, eller vere miskunnsam. Den fyrste prosedyra ville vore mest korrekt. Men Josef vil velje den andre, fordi dette er mest skånsomt for Maria. Han er miskunnsam, og det gjer han til «ein rettviss mann».

Kontrastar

«Vismennene» frå aust trer inn på scena, og vi vert presenterte for fleire kontrastar.

- Der er kontrasten mellom at heidningar kjem for å hylle Jesus, medan Herodes og den jødiske eliten i Jerusalem reagerer med (fordekt) frykt og fiendskap.
- Der er kontrasten mellom Jerusalem og Betlehem. Jerusalem er maktsetet der elite-menneska held til. Betlehem er ein liten landsby med småkårsfolk. Men det er her, blant småkårsfolket, at Gud vel å virke.

Kong Herodes vert i stor grad framstilt som skurken her i starten. Han står i kontrast til Jesus.

- Herodes er ikkje ordentleg jøde, Jesus har stamtavla i orden.
- Herodes har tilrana seg makta med Rom si hjelp, Jesus har avstamninga og godkjenninga frå Gud som skal til for å vere konge.
- Herodes tilhøyrrer eliten, Jesus plasserer seg blant småkårsfolket.
- Herodes viser seg som ein grufull barnemordar, Jesus er eit uskuldig barn som lett kunne ha vorte eit av ofra for Herodes.

Jesus som flyktning

Flukta til Egypt plasserer Jesus som ein som står solidarisk med flyktningar. Dei aller mest sårbare, dei mest vanskelegstilte, dei identifiserer Jesus seg med, og på deira side er han. Om vi vil vere på Jesu side, så er det der vi også må vere.

Jesus som oppfyller profetiane

Matteus siterer her flittig frå GT for å vise korleis Jesus oppfyller ord derifrå. Orda han tek fram var nok ikkje nødvendigvis mynta på Jesus i utgangspunktet. Men Matteus brukar GT på ein måte som ville verte anerkjent i samtida. Slik dei såg det, kan ord gjerne vise seg å ha fleire lag med meining enn det som opprinneleg var tenkt.

Også tinga som hender, spelar på hendingar i GT, aller mest på utgangen frå Egypt. Herodes sine barnedrap minner om farao som ville drepe guteborna blant Israels-folket. Slik Moses vart mirakuløst berga frå dette, vert også Jesus mirakuløst berga. Gud fører Jesus ut igjen frå Egypt, slik Israels-folket vart førte ut av Egypt. Slik Moses berga dei frå slaveriet, skal Jesus berge folket frå deira synder.

Hovudtemaa er på plass

I stor grad ser vi at teksten berører Case-Winters sine hovudtema, tema som skal gå igjen også seinare.

- (1) Jesus oppfyller profetiane og er den rette Messias. Han er ein trussel mot og i konflikt med elite-menneska heilt frå starten.
- (2) Småkårsfolk som Josef og Maria og folket i Betlehem er dei Gud virkar blant. Det som er ingenting vel Gud seg ut, for å gjere det som er noko til ingenting (1 Kor 1,28).
- (3) Herodes står som ein som utøver eit høgst uetisk leiarskap, i kontrast til det vi vil komme til å sjå av Jesus.
- (4) Herodes myrdar born, og får lov til å utøve sin vondskap; men Gud syrgjer for at han likevel ikkje oppnår sitt formål. Guds makt er større.
- (5) Vismennene representerer at heidningane er inkluderte.